lærartetthet, for få hender i helse og omsorg

Økt eiendomsskatt, valgt unødvendig dyr tomt for helsehuse.

Mange store arbeidsplassar har forsvunne. Ingen nye har komnt til. Dårlig tilretteleggjing. Holstadkrysset er framleis ein verkebyll/flaskehals.Store industribygg står tome. Enkelte bør kanskje rivast snart ?

Fortgang i integrasjon og arbeidstillatelse til innvandrarak og flyktingar som kleiar i fingrane etter å bidra i samfunnet i staden for å sitte i "fengsel" i eiga leilighet.

Fleire vegar skulle blitt reparert, ønsket om ein plass der ungdomar i kommuna kan få leike seg forsvarlig med kjøretøy, oppussing INNVENDIG på Hjørungavåg skule, betre tilbud for barn og ikkje minst eldre.

Innført eiendomsskatt,ikkje klart å få i gong nye tomteområder,ikkje klart å åpne ungdomskafeen att,ikkje klart å oppgradere leikeareal i sentrum/parken,synest at f.eks overåsanden bør lagast ein plan for auka aktivitet utenom dei dagane det er sol(plassar for grilling,volleyball f.eks),Kvitneset har mykje større potensiale enn det har idag(litt usikker på kva,men historisk og friluftsmessig er dette er eit fantastisk område .Men er sikker på at om du spør unge folk/ungdommar spesielt,har ikkje dei kjennskap til kva som har skjedd her.Kva med lokale skuleturar for å få opp meir lokalkunnskap om bl.a denne og andre plassar.

Blitt lovet fotballhall, ennå ikke kommet. Barn og unge begynner heller med aktiviteter i Ulsteinvik (med fotballhall, turnfaciliteter, friidrett,svømming)Kulturskolen har tapt seg. Ikke samsvar mellom pris og det vi som brukere får igjen. Svømmeundervisning er mangelfull på barne og ungdomsskolen. Alle krinser jobber for seg,og det er lite snakk om utvikling av Hareid sentrum.

Parken i sentrum burde bli meir ein park og ikkje berre ein flate med grus

Byggefelt. Eiendomsskatt

Barnehage i krinsane.

ungdom som IKKE er interessert i idrett har siden min ungdomstid og frem til dags dato falt igjennom. I perioder har det vert litt bedre med ungdomsklubber og motorklubber og noen primus motorer som har fått med seg ungdommen. . men stort sett ikke. Boss henting er bare rot for tiden med partall og oddetall osv. Dette vil garantert ende med mer dumping er eg redd. Og skal en ha større dung pga denne nye ordningen koster det og penger.

Næringsvirksomhet, jobbe for å få flere bedrifter til bygda

Rett kalkulering av oppstarta prosjekt. Få slått saman Ulstein og Hareid. Få krinsane til å vere samla

Kommunen har ikkje lukkast med å bygge omdømme opp. Det er for mykje negativ omtale om til dømes administrasjonen i kommunen, kanskje noko dei kan takke seg sjølve for, men dette er noko som må takast tak i.

Høg eiendomsskatt,dårlige vegar,omlegging av alderheimen til kontor,burde vore til dei eldre ,

- alltid på etterskot på vegnett - elendig helsetilbud - kritikkverdig barnevern - dårlig med butikkar (Dårlige opningstider)

Planlegging veg, vatn og kloakk. Planlegging oppussing kommunehuset.

Rehabilitering av rådhuset som blei gjennomført utan politisk behandling. Tilbudet av tomter utanfor sentrum er ikkje tilfredsstillande. Dette vil på sikt føre til eit stort press på skulen i sentrum og krinsskulane

vil oppleve minkande elevtal

Turngruppa i Hareid med sine vel 140 turnarar må få meir midlar og merksemd. Dei treng sårt eigen turnhall! Dei er ei stor gruppe som fordeler seg med trening ved Ekornes, Hareidhallen og turnhallen til Hødd IL på Skeide. Dei har mykje tungt utstyr som må flyttast på til både trening og konkurranser, og er avhengig av foreldre med sterk fysikk og store bilar til dugnad. Her må det skje noko asap! Like eins treng kulturen i Hareid eit egna konserthus/kulturhus til alle sine korps, kor og teatergrupper. Vi har mykje gode kulturgrupper, men ingen egna plass til framføring. Det framstår som om politikarane har for stort fokus på fotballgruppa i forhold til dei andre fritidsgruppene i kommuna! Vil også setje spørsmålstejn til effektivitet og framgang i graving av vegar og på tomter i kommuna. Oppussinga av rådhuset framstår også som lite gjennomtenkt. Eigendomsskatten er høg. Det er greit å betale skatt når du får noko igjen for det. Men i Hareid har eg foreløbig dette til gode. Hadde eg budd i Ulsteinvik ville eg følt at eg hadde fått mykje meir igjen for denne skatten.

Mistet mye mindre bedrifter/butikker, ikke gode nok tilbud til samling for yngre og eldre. Vanskelig for folk å etablere seg med nybygg i kommunen.

Lang liste... Uvitenhet og lite fremtidsretta politikk over mange tiår har ført til en kommune som trenger mange år for å få fremdrift.

Mangler kloakk rensing

Økt eiendomsskatt, valgt ei unødvendig dyr tomt til helsehuset, dårlig planlagt renovering av rådhus; dyr leige i midlertidig lokale og større renoveringsutgifter enn forventa.

På dei fleste område

få kommunen opp og fram med den moderne tida

Likebehandling generelt. Rus og psykistritenesta. For lite/dårlig hjelp å få for dei svakaste. Har dei nok ressursar?

Dårlig

Ein kan ha forståelse for at nokre prosessar tek tid, - men det kan av og til kjennast som beslutningar tek alt for lang tid. Dermed kan det i nokre saker opplevast som mangel på gjennomføringsevne. For å få utvikling og vekst i næringslivet, og at folk skal ville bu i Hareid, - så må vi vere flinke til å sørge for at det er enkelt å få svar på forespørsler som kan gi positivitet og utvikling.

Renovere rådhuset, bevare arbeidsplassar.

Å gi uttrykk for at dei forvaltar vår innbetalte skatte kroner og ekstra eiendomsskatt på en effektiv og truverdig måte .. Altfor mange kroner går til spille grunnet dårlig økonomistyring (Dette er forhåpentligvis på bedringens vei)

Tilbyr ikkje gravidbading eller babybading, dette er svært fortvilande. Dårleg forvaltning av midlar. Auke av eigendomsskatten.

Ikkje berre dei to siste åra, men kommunene har ikkje greidd å gjort Hareid til ein attraktiv kommune å bo i over tid. Utviklinga av sentrum framstår i dag som ein stor parkeringsplass som hindrar kreativ utbygging til beste for innbygarane. Eim må snarast mogleg vekk frå frå ferjedrift via Hareid Sentrum!!! Ei evt.tilknytning til samband nordover bør ligge utanfor sentrumsområdet! Sentrumsområdet må utviklast og gi plass for ein stor variasjon av forretningar i kombinasjon med rekreasjonsområde. Ved arbeid vidare med evt. fastlands-samband nordover bør ein sjå på fylgjande alternativ: A.Bru Kvitneset-Sula(hengebru). B.Flø-Godøy- Ålesundstunnellane i staden for Hareid-Sula (Hareid Fastlands-samband). UTKIKSPUNKT. Hareid treng eit utkikspunkt som er lett å kome til og som gir eit vidast mogleg utsyn over kommunen. Det som peikar seg ut her er MELSHORNET. Her kan det byggast ein veg for gåande, der det kan tillatast for køyring med bil for å frakte eldre og folk som er ekstra dårleg til beins opp til ein oppstillingsplass kanskje 50m under toppen. Trur dette ville bli ei veldig positiv sak for kommunen. Denne vegen må starte på Ulset.

Avklaring på gjennomgangstrafikken gjennom Hareidsdalen. Bu- og livskvaliteten til alle som bur nærleiken i hovudvegen vil betrast viss vi får denne vekk frå husa.

Det er ei kommune der det skjer lite. Svært lite tiltak i ordføraren, og deler av kommunesektoren fungerer ikkje, t.d. teknisk sektor.

Fritidsklubb/opphalsplass for ungdommene våre. Kollektivtilbud i helgene. Plasering av helsehus. Også synd å plassere batterihusa til fergene så dei stenger for utsikt. Håper det blir bedre en forventet.

Hareidlandet og Hareid kommune er ei øy med maritime tradisjonar, sjøfart, fiskeri, hav på alle kantar.Det er på tide å gå inn i , vere aktiv inn i den nye tida og opne opp for rorbuder, eit moderne uttrykk som understrekar og ivaretar, viderefører tradisjonen.Vedlikehald av kommunale leikeplassar. Kulturhus.Arenaer

for å møtes i det daglige, samlingsplass, eit sentralt turmål, altså ein park, Kartlegging av fremmede som ikkje vil gje seg tilkjenne og inntar private ubebodde hus, naust. Bostadslause frambringe eit voldsomt stress på so små stadar. Å kjenne naboen er eit must for å føle seg trygg. Hareid er svært godt egna til nisjebutikker, køyr på. Rydd årleg rundt Nasjonalmonumentet. Det er flott, eit ikon. For lite fysioterapeuter, sats maks på rehabilitering. Støtt skule på Melshorn hotell. Raskeste og frynsete estetikk insentrum, følg opp den flotte gartneren og Hafest slik dei får utfolde seg til glede for bygdefolk, gjestar, reisande, det er ikkje FÅ som reiser gjennom bygda PR dag, la dei få sukke og seie....forbei fin bygd, her må vi komenattbein gong...såg du dei, blomane....du store tid

Uryddig prosess rundt oppgradering av Rådhuset. Tomta til helsehuset vart veldig kostbar, men eg har ikkje så stort grunnlag for å vite om dette kunne vore løyst annleis.

Ikke fått opp helsehus.

Alle

Har inntrykk av litt sviktande langtidsplanlegging (sentrum, oppussing av rådhuset f.eks.)

Sein sakshandsaming og svar til innbyggerane

Savner lekeplass i sentrum, den som er der er veldig ødelagt 😞

utbygging av raffelneset .bevare sandstrendene i sentrumområdet.

Få meir arbeidsplasser, særlig for kvinner.

Plassering av helsehus.

Krav om sparing i skulane og på sjukeheimen, dette går ut over læring og utvikling av våre yngste og livskvaliteten til dei eldre. Ungdomsskuleelevar fryser i klasseroma sine.

Savner parker, lekeplasser, friluftsområder, fleire turstier som i Ulsteinvik, flikking på Vegar, meir liv i sentrum, tuftepark hadde vore bra

Klare tiltaka nevnt over utan å øke eigedomsskatten, noke som var lovt fjerna etter at kommunen kom seg utav ROBEK.

Tilrettelegging for tomter og nybygg. Veldig mange har valt å bygge i Ulsteinvik pga stort tomteutval og rask behandling av søknadar fra kommunen. Dette er eit viktig satsingsområde om ein vil behald nye tilflyttande og unge i etableringsfasa

Eigendomsskatt

Vidareføring av eigendomsskatten og vedtaket om bygging av helsehus i sentrum. Det er berre toppen av isberget. Der er så mange saker og vedtak eg får bakoversveis av i kommunen. Prokrastinering av bygging av nye omsorgsboligar til dømes, dei burde ha vore oppkomne for lenge sidan slik situasjonen er, og har vore i mange år. Ei skam!

Å ivareta god økonomisk styring.

skaffe arbeidsplassar og legge til rette for industri

Fritids tilbud- Tennisbaner-bowling-sykkelplasser.-ramper+++++

Det er ikkje skapt aktivitet eller sosiale møteplassar i sentrum. Kommunen har heller ikkje lukkast i å ta vare på kulturen som har hatt tradisjonar for. særst lite aktivitet frå kulturkontoret. Veldig lite som har skjedd på sentrumsutviklingsfronten. administrasjonen lukkast ikkje i å møte innbyggjarane på ein skikkeleg måte. Har ikkje lukkast i å tilsetje folk som kan løyse oppgåver i teknisk avdeling. For mange juristar og teoretikar som sender saker att og fram istaden for å finne praktiske løysingar. Er ikkje løysingsorienterte. Har ikkje skapt truverde ved å starte utbetringa på rådhuset utan plan og utan budsjett.

Plassering av helsehus og utbygging av breiband/fiber til Alme.

Alle områder

Kommunen har ikke lyktes i beslutningen til plassering av helsehuset som skal legges midt i sentrum. Kommunen har ikke lyktes med innføringen av den urettferdige eigendomsskatten som er innført. Samstundes med innføring av eigendomsskatt, så ble det utlyst nye stillinger i kommunen. Såkalt arealplanleggjar, med fleire. Trengs mer penger, så må dette komme fra statlige overføringer, eller at større andel fra skatteseddelen går til kommune, og ikke stat.

Helsehus, kulturhus

Ikke klart å drive kommunen på en slik måte at vi unngår økning eller fjerning eiendomsskatt.

Helse, manglar på kommunale boligar, dårleg vedlikehald på kommunale hus.

katastrofen Hareid Rådhus, og ikke bestemt seg for fotballhall og kulturhus.

Fleire igangsette prosjekt ber preg av mangelfull planlegging og ikkje tilstrekkelig oversikt.

Hadde vår greit å sleppe eigendomsskatt. Men hadde gledelig betalt hadde vi sett ei større utvikling av sentrum.

Stort potensial for forbedring av felles areal i sentrum. Strandlinje i sentrum kan bli mye penere uten å bruke all verden med resurser. Virker som om administrasjonen sløser med midler. Ferje batteri burde blitt plassert der dei først var tenkt. Tror ikkje at alt som blir gjort med rådhuset er nødvendig. Ulstein og Hareid burde vært en kommune.

Når unge ynskjer å etablere seg her må det vere byggeklare tomter i alle krinsar. Det er det nok ikkje, eller i alle fall er utvalet svært lite

Lovnaden om fjerning av eiendoms-skatt når vi var ute av ROBEK.

Dårlig planlegging i forh. til byggefelt i kommunen. Alt for lang saksgang i forhold til byggefelt i krinsane, Mange velger å bosette seg i nabokommunane for ting tek for lang tid

Saker som er sendt til kommuna går det for lang tid før ein får svar. Det må bli enklare å få svar på stedet med dei som er på uteseksjonen. Det må ikkje bli en sak for behandling i administrasjonen for di det er mistanke om at det veit koste.

Handteringa av oppussing av rådhus. Generelt sett så tar ting for lang tid i kommuna, og dermed blir ting unødig dyrt. Hall til Hareid IL! (andre IL hadde slikt prosjekt klart på eiga hand og fekk ikkje same hjelpa på langt nær).

Jobb for å få eit finare sentrum, parken må vere innbydende.kvar e dei flotte leikeplassane? Sjå kor fint på Fagernes leikeplassen... mal det stygge rosa bygget.

muligens skulle det vert hanka inn noen større bedrifter i lokalmiljøet. arbeidsplasser.. dumt at ekornes forlet Hareid.. mange store lolaler i miljøet. Hjørungavåg verksted. kvalsvik kjøken. mange lokaler som kunnet huset større bedrifter og arbeidsplasser i komunen.. vekst i antal innbyggere og utvikling er nøkkel til utbedtring.

Å få orden på ledelse og struktur i kommunen. Mye rot og dårlige avgjørelser økonomisk.

Rådhuset

Brukt lang tid på og kome i gang med tinga som står i feltet over,

Mangel på bustadtomter , manglende satsing på ny etablering av industri , manglende satsingsprosjekt ungdom , manglende satsing på turstier og vegar , manglende interesse for pynting og trivsel i sentrum

Vet ikke

Vanskelig å si konkrete områder, men synes kommunen går inn for for mange oppgaver samtidig, kan virke som kortsiktig planlegging. Hvor vil kommunen. er her vyer nr det gjelder utvikling som helhet.. Dette er både et politisk og et administrtativt ansvar. Kan vel også si at kommunen IKKE har lyktes med planleggingen av renoveringen av rådhuset. Underlig å registrere at kommunen ikke har penger til å få den nye trafostasjonen inn i helsehuset, men kan bruke så mye penger på en dårlig planlagt renovering.

Fjerning /redusering av eiendomsskatt! Effektiv kommunal drift!

Altfor dyr renovering av rådhuset. Auke og ikkje fjerning av eigedomsskatt - løftebrot av politikarar.

Utvikling av nye boligfelt og tomter

Er sjokkert og oppgidd over pengebruken i kommuna. Er redd for at renovering av rådhus og oppgradering av Kjøpmannsgata blir ting som veltar Hareid sin økonomi. Verkar som om planlegginga av Rådhus renoveringa er veldig dårlig planlagt! Elles kan eg trekke fram plasseringa av nye helsehuset. Kvifor denne plasseringa?? Er pårørende til pasientar ved Hadartun og det er utruleg praktisk med legesenter like ved institusjonen.. Dette burde vore ei sjølfølge spør du meg.. fått huset vekk frå sentrum og litt opp i høgda men likevel lett tilgjengeleg for alle! Elles er det tragisk å sjå Røysetvegen som har vorte smalare enn kva den var tidlegare.. og høge kantar som gjer d meir risikabelt å kjøre ut på sida når ein møter trafikantar. Oppgraderinga av vegen har vore og er eit mareritt for alle i områder Røyset/Kaldholen.. All ekstra ommkøyring dei har hatt i denne perioden er heilt uakseptabelt.. Brua i Kaldholen burde vore det første som blei ordna på ift at bebyggarene der skulle sleppe å køyre den grusomme Kvitholvegen! Igjen....- PLANLEGGING! Ein del etatar ber preg av lite effektivitet... mange kokkar, mykje søl... Ting tar tid fordi det må gjennom mange ledd... Tid er pengar osv osv... Ein evig negativ spiral som er vanskeleg å kome seg ut av! Eg kjem frå Hareid, bur her og kjem nok lite truleg til å flytte herifrå... Er glad i kommunen vår, men blir oppgidd av mykje som skjer her... Om somme ting hadde vore planlagt og løyst på ein litt annan måte så

trur eg at innbyggjarane hadde vore meir fornøgde også! Håper de får mange konstruktive tilbakemeldingar på umdersøkinga!

Kalkulering av kostnader. Fullstendig skivebom på mange av tiltakene som er satt i gang. Politikerene må ta tilbake kontrollen ift administrasjonen. Rådmannen må avsettes da hun har gjort alt for mange feil!

Prosesen med Helsehuset bærer tegn om ren korrupsjon! Åpenhet rundt erverving av eiendommen til Frøland på Indre-Hareid er mangelfull! Bærer preg av innside-handel.

Plassering av nytt helsehus, ei altfor dyr oppussing av rådhuset. Pengane blir brukt på feil plass.

Sjå over

Fjerne eiendomskatten som lovet etter at kommunen kom ut av ROBEK! I tillegg har kommune ØKT eiendeomskatten. Syns det har gått tregt å få helsehuset og ny idrettshall på plass, men det skjer endelig no. Gått altfor seint å få regulert nye tomtefelt. Masse "dyrk" mark i kommunen som burde vert ekspropriert om ikke dei får kjøpt på vanlig måte.

Oppussing av rådhuset må beklagelegvis nemnast. I tillegg kjennest det litt ut som at Hjørungavåg/Brandal/Bigset blir lett gløymde. For stort fokus på Hareid og Hareid sentrum. Synest også fotballen får ALTFOR mykje stønad og merksemd. Fotballen får pengar til det meste medan kulturen må klare seg sjølve. Har intrykk av at politikarane sine egne personlege interesser (som tydelegvis er fotball, fotball, fotball) spelar ei stor rolle. At vi ikkje har kulturhus på Hareid er ei kulturell katastrofe! Nivået på både korps og kor er for høgt til at ein må framføre i ein akustikkfattig og lite publikumsvenleg Hareidhall.

Barneskuleelevar som treng ekstra assistanse får ikkje nok hjelp. Sjekke med fagfolk når undersøkingar skal gjerast i høve ulike vedtak. Førebyggjande arbeid blant unge/ungdom, og samtidig gi dei nok fritidstilbod og ein plass å vere (dersom du ikkje driv idrett etc) - ein arena der dei kan bygge fellesskap. Utnytte kyststripa og beliggenheta vår. Utnytte at vi er ei samferdselsåre, mykje trafikk går via Hareid (ferge og hurtigbåt) - og vi burde klare å dra veksler på det med å tenkje kreativt - attraktivt område der samferdselsåra går (gir godt omdøme). Inngangen til Hareid må oppgraderast med å "rydde" opp i bygningsmasse (eks. Fantehuset).

Det er fortsatt ikkje kome kulturhus, noko som Hareid treng. Det er også eit stort behov for eit godt kafetilbod, gjerne i den nye miljøgata. (med kaffi, lunsj, salatar og bakst)

Å fylgje opp politiske vedtak ut i frå progamerklingar. Arbeide ut ifrå desse over eit perspektiv, t.d. ei valperiode.

Økonomistyring, formueskatt, bygging av nytt helsehus i staden for å nytte eksisterande bygg, miljøgata har teke alt for lang tid, Hapark med dei lite smidige/uvønnlege parkeringsreglane, for lav grunnbemanning på sjukeheimen fører til høgt sjukefråver, har eit inntrykk av at kommuna er ustrukturert og lite handlekraftig. veit ikkje

Dere skulle fjerne eiendomsskatt. For høye kommunale avgifter i forhold til andre kommuner.

Etablering av idustri, forretningar og butikkar

Prosesen med ombygging av rådhuset. Plassering av batterihusene, prosessen var kritikkverdig; men løsnigen ok.

Helsetenester i skulane, viktig at ein legg av midlar slik at skulane får ha helsesøster. Dette tilbodet må bli bedre. Det som slår meg er at ting tar alt for lang tid her i kommunen, ta bustadfelt som døme, her er sikkert mange som kunne tenkt seg å byggje men ein får ikkje tomter. Eigedomsskatt er så klart ikkje positivt, hadde vore «lettare» å betale om vi hadde fått opp noken bygg/område som vi såg nytte av.. litt som i Ulsteinvik, der ein ser ei bedring av tettstaden som kjem mange til nytte -> td park, ulstein arena

Overforbruket og tidsbruken på renoveringa av rådhuset.

Skaffe tomter for boligbygging. Mulig vi må flytte ut av kommunen for å få bygd enebolig.

Kommunen held ikkje lovnader og avtalar som er gjorde. Og etatar som overstyrer kommunale vedtak.

Manglende tillit til politikere og administrasjon. For mye personkonflikter og for lite samhold og lagarbeid.

Miljøgate: Lær av alle tettstadane som feila på seint 90 tal. Ikkje bygg det så knotete. Då fungerer ikkje brøyting. Det blir uoversiktleg for sjaførar, og dei mistar konsentrasjonen for mjuke traffikantar. Helsehus: Trasig plassering midt i eit kryss! Bedre utnytting av legekapasitetar om det hadde vore ved sjukeheimen. Batterihus til ferga: Trasigaste plasseringa vart valgt. Rådhuset: Er det butikk i å totalrenovere eit slikt gammalt bygg??

Aktivitet blir tatt bort..... lite aktivitet for barn og ungdom

Å holde god økonomi uten å innføre eiendomsskatt. Tilbudet med helsepersonell på legekantoret, dårlig service og kun sure fjes.

Kommunen prioriterer i liten grad oppgradering av infrastruktur der det bor få av kommunen sine innbyggere. Som skattebetaler ønsker eg lik behandling i høve utbetring av veg, kommunal vasstiltførsel, kommunal kloakk/avløp, utbygging av fiber t.d. Elles bør Hareid kommune satse meir på tilrettelegging for og god oppfølging av barn og ungdom i kvardagen (barnehage og skule) Dette er framtida.

Sentrum er fortsatt trist, men betringar er heldigvis i gong. Skulle gjerne hatt fleire boss-dunkar og parkbenker rundt om. Gjerne også på badestranda. Meir blomster og eit ryddigare sentrum.

Vi har allereie "mista" veldig mange av våre unge som har funne seg tomter i andre kommuner.

I krysset fra Hjørungavåg ned på fylkesveier ved rolls royce. Dette er en flaskehals og eit utfordrende kryss. Det er trangt og ved fleire biler blir det fort farlige situasjoner. Veit fleire kjører gjennom bygda og ned på fylkesveien fram med totslbygg, fordi det yste krysset er ubehagelig og vanskelig. I tillegg er der busstopp med fotgjengersr som gjør dette til eit veldig farlig kryss. Her Må noe gjøres. Det samme gjelder fra fylkesveier opp til gnist barnehage.

Få til merka turstier.

Det har tatt lang tid i saksbehandlingsprosessen. F. eks: fra en sak blir tatt opp til det blir gjort vedtak og faktisk satt i gang.

Framdrift og nytinking.

fortsatt mange og store høl i kommunale vegar, eigedomsskatten går feil veg, altfor lite fokus på miljø og naturen (sjå til ulstein sine flotte gangvegar oppå eidet, kvar er hareid der?)

Etablere nye boligfelt utenfor sentrum. Fjerne eiendomsskatten.

Raffelsanden der øydela de ei perle og erstatta ho med rot. Planlagde utbyggingar og tidlegare utbyggingar på dyrka mark. Nedbygging av sjukeheimen (overgang til heimebasert hjelp). Manglande kapasitet i heimesjukepleia. Mykje skifte i fastlega. Legevakt i Volda. Rådhusprosjektet. Ruste opp kommunale leikeplassar.

Fjerne eigedomskatt

sentrumsplanlegging og utbygging, bustadetableringsområder, næringsutbygging/etablering, etablering av større kommune/samanslåing/samarbeid

På veg inn i ROBOK. Kulturhus i staden for hall til hareid kommunale idrettslag.

Legge på eiendomsskatt, redusere helsesøster post på skolene

Enkelte saker i kommunen er handtert på eit vis som verkar som om det skortar litt på kompetanse innan enkelte felt. Det er inga skam å be om hjelp. Ingen kan alt.

Burde ha vore meir offensive i opparbeiding av sentrumsnære og atraktive bustadområde. Ungdomar som stammar her ifrå og som vil etablere seg her, vel for ofte nabokommunane framfor Hareid. Kommunen treng eit kulturhus der det rike frivillige kulturlivet kan ha tilhald. For dårleg tilrettelegging av tilbodet for ungdom i Hareid

Har ikkje klart å skape eit triveleg sentrum. Har ikkje lukkast med å få nok aktivitetar i sentrum som skaper trivsel og kjensle av fellesskap. Manglar uformelle møtestadar. Har ikkje klart å få folk til å ha ei positiv kjensle av tilhørigheit til Hareide. Hareid har eit svært uestetisk sentrum som det er nesten deprimerande å ferdast i. Om kvelden er Hareid sentrum svært trist, mørk og lite fristande. Mange med meg er irriterte, sinte og oppgitt over det vi opplever som ei negative utviklinga i Hareid kommune. Manglande visjon og dårleg heilheitstenking. Manglande integrering av tilflyttarar og innvandrarar. Eit sentrum som er svært lite innbydande for turistar.

Økonomistyring etter kommunen kom av robeklista samt politisk prioritering av tiltak. Ein kan ikkje få alt ein ynskjer, og til sjuande og sist er det innbyggjarane som må betale for det.

Ettervern for rusavhengige.

Skulestruktur

Ikkje nok "driv" og initiativ verken hos politikarar eller kommuneleiing. Administrasjonen verkar passiv/negativ og ikkje fremoverlent til dømes i handsaming av fotballhallen.

Utvikle og legge til rette for næringslivet. Mangler næringseiendommer

Bruka meir peng en det dei har. Saka om rådhuset er eit tegn på det. Ha vedlikehold på komunale bygninger blitt tatt med jamne myllarom ha kostnadane våre bedre

Prosessen med oppusning av rådhuset, mange synes dette var gjort på en dårlig måte, har skapt mye negativ prat rundt omkring i kommunen.

Sentrumsnært boligfelt er firsatt ikke tatt i bruk!!

Mange prosjekt med overskridingar og tidsforseinkingar, t.d. Hareid rådhus, byggefeltet på Røyset, byggefelt på Holstad, fotballhall, dårlege uteområder ved Hareid skule og Hareid ungdomsskule.

1: avskaffe eiendomsskatten 2: tilrettelegge nye kommunale tomter. 3: få ned behandlingstida på søknader ifb med husbygging.

Gjennomføring av prosjekt, verkar som at økonomiplanane i prosjekta ikkje stemmer med verkeligheita og den praktiske gjennomføringa haltar.

eiendomsskatten er ikke avskaffet, skapte ikke nye arbeidsplasser, investerer uten å ha den nødvendige inntekten, utsteder et stort beløp for renovering av rådhuset som er unedvendig ,

Bryr ikkje seg om meininger av innbyggjarare, bryr ikkje seg om bråk som ungdomane lager om natta ved motorsykkel køyring, skipene som er forankret ved DIMO med motor på heile døgn, slik at heile huset skjelver heile tida, kvart år meir innbetaling til kommuna og vi får ingenting tilbake, lite arbeidsplassar, Vi var lovd at eiendomsskatt skulle avviklast når vi var ut av Robek. Det motsatte skjedde. Er meget skuffet.

Ønskjer fortgang i utbygging av boligfelt. Meir fokus på økonomi, ikkje berre innsparing, men også å hente prosjektmidlar -søk i tide. Sjå moglegheiter. Enda meir fremoverlente i forhold til samarbeid med andre kommuner, særleg Ulstein kommune. Gjerne samanslåing av rådhus/stabstenester for Hareid og Ulstein for eit sterkare fagmiljø. Usikker på om det var rett å prioritere oppgradering av rådhus framfor t.d. oppgradering av ungdomsskulen.

Det må vere prosjektstyring. Då spesielt Rådhustragedien og VA-prosjekt. Utad kan det virke som prosjektering er fråverande, men det er vanskeleg å vite sidan informasjon også er fråverande.

Burde prioritere parkområde og lekeplass der

Fjerning av eiendomsskatten :(

Økonomisk styring, vedlikehald av kommunale bygg, tilrettelegging for aktivitet og trivsel i sentrum. Haldningsskapande arbeid i skule og på fritida, for ungdom.

Fjerna eiendomsskatten, som kun skulle vare til kommuna var ute av robek! (!!!!)

Utvikle eit framtidsretta sentrum med dei tilboda ei kommune som Hareid bør ha.

eiendomsskatt

1. Miljøgata, meningslaus bruk av ressurser. 2. Plassering av helsehuset. 3. Manglende planlegging vedrørende renovering av rådhuset.

Centrum

Økonomiforvaltninga, planlegginga i prosjekt.

Dei vanskelegstilte har ikkje fått det lettare. Uheldig utfall av NAVreforma. Psykiatri lite prioritert. Rus fråverande. Vi treng fleire hender til førebyggjande arbeid. Kjøpt altfor dyr tomt til helsehus. Feil prioritering ved låneopptak til fotballhall!

Ta vare på våra mest sårbare familiar og barn. Barnevernet er ei skandale for alle berørte.

Litt usikker, sidan eg ikkje er ein av dei som har engasjert seg så veldig enda. Alle kommunene prøvar og feiler. Tenker kanskje litt på asylmottak, korleis inkluderar de dei inn i kommuna? Og når det gjeld det økonomisk har eg lest negative kommentarar om dette angående prioriteringar, men altså de jobbar med å utvikle kommuna og de veit nok kva de gjer på ;0)

det kan eg ikkje uttale meg om

Prosesser som har store økonomiske konsekvenser fremstår som rotete og uoversiktlige. Utad ser det ut som det ikke er kompetente folk som jobber med dette. (t.d. helsehus, rådhus og idrettshall). Kostandssprekk som resulterer i høgere skatt som resultat. Dette er saker som aldri hadde blitt akseptert i private næringsliv.

Planlegging, prosjektering og økonomistyring av offentlege arbeid, som rådhuset og vegarbeid. Det må byggast ny ungdomsskule. Satsing på gode eineboligtomter for å tiltrekkje oss ressurssterke og godt utdanna folk som vil bu og skatte til kommunen. Satsing på samarbeid med private firma for å realisere prosjekt.

Renovering av rådhuset for eks.

Tildeling av tomter, både til privat og industri. Ikke skapt ny arbeidsplasser.

Dårlig sentrums utvikling og at vi fortsatt må betale eigendomsskatt for å ha ein bolig.

Desentralisering

Oppussing av rådhuset tar forlang tid. Manglende elbil-ladere på parkeringsplasser til skolene og barnehagene

Sentrumsutvikling, legge til rette for næringsliv

Det er brukt for mykje penger på ulike prosjekt. Det skulle ikkje vere nødvendig å betale så mykje for helsehustomta, det er galskap. så store summar får ein til å lure på kva som ligg bak. Noko må det vere. Og at utbetring av Almetunnelen skal koste 10 mill. er ikkje til å fatte.

Meir eigendomsskatt. Då kan ein like så godt flytte til ein annan plass som har fleire jobbtillbud, aktivitetstilbud og butikktilbud.

Oppussing av rådhuset

Både tilsette i helse og omsorg, teknisk, og til dels skule, er prega av ein sytekultur. Dersom vi som innbyggjarar kjem med eit sakleg spørsmål om td. reguleringsplanar, løftar behvo for omsorgstenester får vi til eit foredrag om kor vanskeleg det er for den kommunalt tilsette å gjere jobben sin. Det vert ofte vist til for lite midlar og ressursar. Eg vil hevde at det også er mangel på kompetanse til å gjennomføre lovpålagde oppgåver.

Sentrumsutviklinga og tankar om dette har vore treg eller fråverande. Knutepunktet Hareid virkar ikkje innbydende og besøksvennlig for mange av dei som daglig passerer forbi. Infrastruktur har vore og er framleis svært dårlig. Kulturutvikling har vorte prioritert ned (økonomi eller vilje ?) Framtidstenkinga og politisk handlekraft virkar tilfeldig og lite gjennomtenkt alt for ofte. Eit eksempel på det er diskusjonen om kommunesamanslåing som gav rom for den emonsjonelle tenkinga, men lite plass til fakta informasjon. Dette er naturlegvis ein demokratisk rett, men viser etter mi meining til fulle kva som alt for ofte pregar det offentlige ordskiftet. Det private initiativet vert i alt for lita grad og for ofte ikkje støtta av fornuftstenking frå folkevalde og ansette i kommuna. Det politiske arbeidet havnar for ofte i søkelyset pga svakt/dårlig handverk, og for mange gangar tallet det lokalmedia å brette ut om politiske omkamper som kunne/burde vere grundigare og tydeligare bestemt av våre folkevalde. Dette er ikkje ein bra ting for omdømmet til Hareid verken lokalt eller regionalt.

Kommune sammenslåing,

Utvikling av sentrum, vedlikehold av kommunale bygg og veinett. Stille strenge krav til private som har bygg som står til forfall. Gi noe tilbake til innbyggere i kommunen for innbetalt eiendomsskatt.

Det går for seint å få på plass byggefelt. Eg trur det er betre at private aktørar får bygge ut Holstad byggefelt. Rundkjøringa på Holstad skulle også ha komt på plass for lenge sidan. Denne stoppar framdrift på Holstad byggefelt, og industriområdet i Hareidsmyrane. I det heile så har kommuna vore for lite " på ballen " i fleire år no - dette må snu viss vi ikkje skal misse innbyggjarar til fordel for feks Ulsteinvik.Hareid burde vere eit flott alternativ å busette seg for folk som jobbar i Ålesund området, men då må her skje ein heil del vedr tilbod både på dag - og kveldstid.

Etterslep på ein del vedlikehald på kommunale vegar. Sentrumsutviklinga går nok ikkje spesielt fort. Bør få fortgang i tilgjengelige hustomter der folk vil bu. Veit om fleire som har flytta over eidet grunna dette. Batteribygga i sentrum burde vore utforma "finare" når plasseringa vart slik den vart.

Planlegging - treg sakshandsaming - rotete sakshandsaming - alle prosjekt går for tregt - lite satsing på kultur og turisme

liten kontroll på økonomien. Fritidstilbud for ungdom, tilrettelegging fritidsaktiviteter, ivaretaking friluftsområder, oppvekstmiljø er alt takka være frivillige organisasjonar.

1.For mange prosjekt/uteprosjekt igangsatt uten god nok innhenting av utførelse/kostnad. Eks. Rådhus oppussing, kaldholbrua... 2. Svare på søknader som kjem inn til kommunen, annet enn at søknaden er mottatt! (Feks. på søknader om avlastning/omsorgsboliger) Kva skjer så etter at søknaden er bekreftet mottatt???

Boligfelt, ta seg av krinsar og ikke bare sentrum, standard på veier, få bedrifter til å etablere seg i kommunen etc. I byggefelt Bigset Vest er der flere store hull i asfalten i krysset for kjøring inn og ut, dette har vært der så lenge jeg husker. Blir fylt på med oljegrus av og til, dette er vekke etter en par dager.

Utvikle attraktive tomteområde for einebustader.

Oppstart av for mange prosjekt uten å ha økonomisk dekning. Til dels meget slett planlegging og prosjektstyring.

For mange store investeringar på ein gong, blir tøft økonomisk framover, noko som kan gå ut over innbyggjarane.

Å følge opp planer, samt kunne tilby innbyggerne tomter i sentrale strøk.

Kasta vekk store summar med pengar med å leige Hareid Group-bygget. Forkasteleg med så høg leigesum.

Dei fleste

Ungdomsklubben!! Trygg veg frå badestrand til Hareid, Anna sentrumsutvikling som trekk folk

Ikkje tilstrekkelig areal for bygging av alle typer bolig.

Dårleg handsaming av rådhuset og oppussinga. Ikkje bra at promillen på eigendomskatten har auka.

Skulle fått til eit eige kulturhus på Hareid. Synast det har vore mykje rot og lite informasjon rundt oppussing av rådhuset. Er positiv til at rådhuset treng oppussing og forbedring, men synast planlegging/prosessen og den kontinuerlige informasjonen til innbyggjarane rundt det heile ikkje har vore god nok. Igjen rotete prosess/planlegging og lite oversikt over kor dyre tomtene i det nye Holstadfeltet blir. Ikkje bra dersom ein må ta av budsjettet frå t.d. helse eller skulesektoren for å dekke inn høge kostnader der. Det vert generelt mykje ekstrakostnader grunna dårleg planlegging rundt ulike prosjekt, som då går ut over andre viktige prosjekt igjen. Synast det er vanskeleg å vere småbarnsfamilie på Hareid. Det er få ledige bustadtomter, og det går treigt og er tungvindt med søkeprosessar i forbindelse med bustad og etc. Dette trur eg er eit av kommunens viktigaste satningspunkt i åra som kjem for å få småbarnsfamilier til å etablere seg her. Har eit inntrykk av at desse prosessane går mykje lettare og raskare i Ulsteinvik som då desverre blir mykje meir attraktiv. Eg har fleire vennar som vel å busette seg i Ulsteinvik sjølv om dei er frå Hareid.

Eigedomsskatten er ei urimeleg belastning på innbyggjarane. Inntrykket er også at politikarane har for dårleg kontroll på kostnadsbruken i administrasjonen. T.d oppussing av rådhus

Ikke lykkes med og skaffe flere arbeidsplasser

Boligbygging, få tak i midler

Kommunen er for dårleg å planlegge, bør ha ein langsiktig strategi og at ting blir gjort. Bør bli flinkare å vedlikeholde kommunale bygningar og vegar.

Legge til rette og forenkle byråkrati som er omkring det å skaffe seg tomt / bygge hus

Mye rot og lite konkrete handlinger som gagnar innbyggerne.

Tusenårsplassen: vet hvor den er, men hva skal den brukes til og når? Kan den brukes til noe som lager liv og røre?

Ivaretagelse av lekeplass i sentrum

Eg har inntrykk av at unge par som ynskjer å etablere seg og skal bygge hus føler at saksbehandlinga går veldig treigt og at dei nærast kan føle seg motarbeida istadenfor tatt vel imot og hjelpte.

Skaffe arbeidsplasser, stimulere det næringslivet vi har til ekspansjon. Satse hjelpe jigang gründere til havbruk, sjarkfisking,mm

Det er dyrt å bo her, eiendomskatten!!!! SSR tar mye betalt, for lite henting, plasseringen av Helsehuset er feil og dyrt. Brukt for mye penger på oppussing av rådhuset.

Den administrative og politiske handsaminga av helsehuset.

Kostnadskontroll på flere store prosjekter etter kommunen gikk ut av Robek.

Eigendommsskatt ble sagt denne skulle berre vare til kommunen var ute av robek, så til nytt helsehus, men nå er kommuehuset under oppussing istaden for bygging av helsehus. I tillegg er eigendommsskatten økt.

Næringsutvikling og å skaffe byggeklare tomter.

Vedlikehold av lekeplasser, eldreomsorg

Økonomi-/prosjektstyring/gjennomføring t.d. rådhuset, helsehuset, bustadfelt. Ikkje greidd å skaffe seg god nok kommunalteknisk leiarkompetanse, synest å kompensere med stadig nye stillingar/dyr konsulentbruk. Svak handelsnæring.

RÅDHUSET ER STARTA RENOVERING UTEN Å LEGGE UT PÅ ANBUD.

Ikkje lykkast med vedlikehaldet av rådhuset g dei store utgiftene som følger med

Eigendomsskatt og batteri hus

Tomter i krinsane, det er svært sentralt at det vert fortgang i dette.

DE ALLER FLESTE

Butikkdød, ikkje kommunens feil, men veldig synd. Dødt sentrum. Økning i eiendomsskatt gir ikkje økt tilflytning til kommunen.

Dei har ikkje lykkast å få økonomien sopass på fote at dei kan fjerne eigendomsskatten

Markedsføre Hareid kommune. Verte flinkare å legge til rette for dei yngre som kanskje vil etablere seg her

og også for næringslivet

Lite igjen for skattepengene

Legge til rette for tomter, rekrutere tidlegare bebuarar til å ville kome heimatt. Skape tillit og godt forhold mellom privat næringsliv og kommune. legge til rette for optimisme i bygda. skape tillit til at tomtekjøpet til helsehus, ikkje lukta av kammeraderi og lumskheiter.

Fjerne eiendomsskatten

Rådhuset

Kommunen MÅ sjå på skulestrukturen for å spare pengar.

Satsing på tilbod for ungdom som ikkje er interessert i idrett eller kor/korps. Det ber også delar av ungdomsmiljøet preg av, og slik har det ALLTID vore på Hareid.

Kommunen slite til å få folk nye folk in.veldig lite son skjer. Folk må kjøre til Ulsteinvik for mange aktiviteter til barna.

Ting går alt for seint. Eg har eit inntrykk av at det blir brukt alt for mykje (dyre) konsulentar. Har vi ikkje dyktige nok folk i administrasjonen, eller er det ansvarsfrykt? Eg er redd for at vi i dag driv kommuna på ein dyr ineffektiv måte. Robekk ligg på lur. Er redd for at lønnskostnadane til administrasjonen har galoppert siste 2 åra.

Sentrumsutviklinga, ombygginga av rådhuset

Å skaffe innbyggjarane kultursal for konsertar, teater og liknande ting.

Ferdigstilling av holstad byggefelt

Bulyst og eignedomskatt. Komunneadministrasjon/rådmann med rådhusoppgraderings prosjektet. Aktivitet i Ekornesbygget mangler.

Eiendomskatt

Endre skolestruktur, er nødvendig for å være bærekraftige. Alternativet er at en fortsetter og alle taper til slutt ikke minst krinsene.

Administrasjonen lyttar ikkje/lite til innspel på utviklingstiltak i kommunesenteret. Fastlåste i sitt eige syn. Prega av at "heile" kommuneleiinga er busette utanfor kommunen. Viktige val/prioriteringar med store økonomiske konsekvensar skjer utan at folk synest dei vert høyrde. I mange saker er innbyggjarane prega av "oppgittheit". Mange utviklingstiltak/prosjekt synest "meningslause". Svakheit at kommuneleiinga/folkevalde ikkje torer å ta opp diskusjonen om samanslåing med Ulstein kommune. Kommuneøkonomien kjem til å svekkast merkbar og vil hindre vidare positiv utvikling.

Økonomisk styring. Rådhusprosjektet. Prosjektstyring generelt, virkar til å ha lite kontroll.

Kommunen er akterutseit dessverre sammelignet med Ulstein, vi får nesten ingenting til pga anstrengt økonomi. Bare se på forsiden av denne spørreundersøkelsen. Fokus på fergekaiaen? Her burde arealet brukt som for sjøgata i ulsteinvik, men nei her skal alle biler komme og gå. Fergekaia burde vært plassert på raffelneset,

Dårlig vedlikehald av skular,uteområde,ofte dårlig vaska.På Hjørungavåg skule slår kommuna halve marka nedom fotballbane,(Pga.dei eig ikkje meir)smålig og trist å sjå.trist Hareid sentrum.internett til alle

Utan økonomisk styring. Betalar dobbel marnadspris for helsehustomt, hemmelighold og liten openheit ang. kjøp/prising av tomta.

Desentralisering

Det har fleire år vorte lova at lovpålagt tømestasjon for båt/campingvogn/bil skulle kome. Det har vore avsett midddlar i budsjett som har vorte brukt til anna. Dette er altså lovpålagt at alle kommuner skal ha og står derfor til stryk og nå må de snart skje då ny sesong står for tur. Nabokommunene ser ut til å få det til og besøkande reiser frå kommunen.

Men, der er fleire ting som eg ikkje er like stolte over. Vi brukar fleire millionar på å oppgradere sentrum, men allikavel tilet vår ordførar å legge skammens boks midt i sentrum. Det gjeld å tenke kreativt, og det gjer nettopp ikkje folket som styrer kommunen. Teknisk etat i kommunen er også ei stor skam. Vi har ein leiar som sit å drikk kafe ned på statoil, fleire timar i veka. Har aldri høyrte eller sett han har gjort noko positivt i kommuna. Dei styrer som dei vil, og gjer ein utruleg dårleg jobb i forhold til teknisk etat i nabo kommuna. Eg tenker at dei burde få ein leiar som faktisk kunne sette grenser og ha ein klar plan på kva dei faktisk må gjere. Å sist men ikkje minst, Hareid kommune gjer ein elendig jobb i å lage nye tomter slik ungdommen blir. Det er ei krise, at så mange flinke unge familier flyter ut av kommunen. Få ræva i gir.

Oppstart og gjennomføring av andre prosjekt som har vore på budsjettet i fleire år.Ser ut som om det er

konsulentar som styrer administrasjonen og ikkje omvendt.

Framdrifta av kommunale byggefelt har gått treigt. Næringsutvikling har sine utfordringer. Bruker altfor mye pengar på nytt helsehus og infrastruktur. Den nye Miljøgata kommer 15 år for seint. Nesten all butikkvirksomhet er borte. Parken i Isakdalen er bare en grønn flekk som mennesker går gjennom.

Mange

Dårlig økonomisk vurderingsevne

Kulturhus

Alltid på etterskot med vedlikehald av veg.

Økt eigedomsskatten. Svarar ikkje på henvendelsar.

Tragedie å se måten planlegging for oppussing av rådhuset ble gjennomført på

Informasjon og støtte til oppdragarane av borna i korleis den teknologiske utviklinga påverkar oppvekstmiljøet.

DÅRLIG TILBUD ANG RUS OG PSYKRIATI

Økonomi...tildeling av arbeid... benyttelse av dei dyreste firma i kommunen uten anbud.....Alme tunnelen tragiske.... salget av Hjørungavåg barnehage pris et hån til innbyggerne i krins hareid salg Brandal skule til Brandal friskule ... restaureringen av kai i Brandal... rivning av kai ytterre og inndre Hareid..... området frå Hareid rør til gamle Statoil søppel og masse forurensning avfall dette e ikke branok i hjerte av hareid sentrum og valg tomt til helsehus

Bryr ikkje seg om meininger av innbyggjarare, bryr ikkje seg om bråk som ungdomane lager om natta ved motorsykkel køyring, skipene som er forankret ved DIMO med motor på heile døgn, slik at heile huset skjelder heile tida, kvart år meir innbetaling til kommuna og vi får ingenting tilbake, lite arbeidsplassar, Helsesøster tid i skolen. Lite aktiviteter for små barn etter bhg og skole (savner lekeplasser som er trygge). byggefelt,, industriområde,sentrumsutvikling

Manglar stadar for å møtast. Kafé med moglegheiter for arrangement på dagtid og kveldstid.

Få fleire til å flytte til Hareid, gjerne får å arbeide andre stader. Bygda treng nytt kulturhus og betre tilrettelegging av friluft- og aktivitetstilbod som td. sykkelløyper i terreng og pumpebane for sykkel som i Ulsteinvik. Billeg og enkelt:

Få startet opp bygging av Idrettshall, Den må komme snart.

Vedlikehold av det offentlige rom. Leikeplassen ved siden av rådhuset er en skam. Har potensiale til å bli en kjempe fin lekeplass mtp plassering og blitt en plass folk kunne møtes. Generelt over føler eg Hareid kommune sine bygg etc er dårlig vedlikeholdt/slitt.

Det går for seint å legge tilrette for nyetableringar/tilflytting. Eg tenkjer då spesielt på attraktive og byggeklare tomter. Og eigendomsskatten gjer det heller ikkje spesielt attraktivt å flytte til kommuna. PPT fungerer heller ikkje godt nok, barn som treng hjelp får alt for seint hjelp, om dei i det heile tatt får hjelp. Barn som treng hjelp og støtte skal ikkje vere nøyd til å vente i månader og år! Dette gjeld spesielt barn som har større vansker og som har lovpålagt krav til hjelp. Når det gjeld alle dei barna som treng berre litt hjelp og som kommuna gøymer seg bak at det ikkje er lovpålagt lid også stor urett. Her tenkjer eg på alle som går rundt med litt språkvansker, mangler litt på uttalen eller slit litt på heimebane og skule, som kunne ha blitt hjelpt med litt rask hjelp av ei helsesøster, ein logoped eller lignande. Her bør kommuna raskt ta til vit og sette av pengar til slik hjelp. Det vil dei i det lange løp spare pengar på og dei barna det gjeld vil slippe å gå og plagast med slike "mindre" vanskar som for dei kan vere svært så alvorlig og som kan gi langt større vanskar i det lange løp. Med små midlar kan ein hjelpe svært mange barn, berre hjelpa er raskt tilgjengelig og blir brukt rett.

Savner en kjekk møteplass for både voksne og barn, en fin lekeplass, klatrepark eller lignende med benker til å sitte å ta en lunsj/kaffi sammen med andre voksne og barn. Og ungdommen har ingen plass de kan henge/treffes. Blir jaget rundt. Skulle ønske de som ikke drev med idrett kunne ha en plass å treffes, med billiardbord, dart, en type ungdomskafe, men trenger ikke være salg av mat og drikke, bare en plass de kan møte andre. Skulle også gjort litt mer for å få bort tiggerene om sommeren, vet mange føler seg plaget av dette, og velger en annen matvarebutikk om de henger rundt en spesiell butikk. Og de roter fælt der de holder til!

Kommuna har ikkje lukkast med å styrkje helsestasjonen slik at borna i kommuna kan få ein trygg oppvekst sjølv om dei kjem fra ressursvake heimar. Dette fører til utrygge forhold i barnehagar og skular både for barn og vaksne.

Oppfølging av elevar som treng tilpassa undervisning er heilt fråverande! Renovering av rådhuset er skandalaust, veien har blitt til medan ein går.. Hadde kanskje ikkje vorte starta på om visste om alt - dei ansatte fortjenar d nok, men det som kjem ut i offentlegheita ser ikkje bra ut...Her burde ein informert kva som er fakta om d tole dagens lys...

Rådhuset. OMG.

Eiendomskatten, det er en usosial skatt, og rammer oss alle, tenk på nyutdannede, nyetablerte og eldre, fjern den, så blir det en bra plass å bo, det har blitt en hvilepute for politikerene. Ikke noen bra plassering til det nye helsehuset.

Vi betaler eiendomsskatt. Man kan ikke si at man har lykket med noe som helst når man er nødt til å stjele fra sine egne inbyggere for at økonomien skal gå i orden. Vi tar i mot alt for mange "flyktninger" og det har gjort kommunen mindre trygg.

. Ønsker flere forebyggende tiltak for eldre heimebuande. Styrking av dagsenter for eldre(det som er i dag fungerer flott, men venteliste) Dagsenter for demente. Fleire møteplassar for unge og eldre/ enkel kafe med enkle rettar. Ønsker ringbussar i utkantane/ byggefelta/ktinsane. Ønsker fleire turstiar som td, Rotarystien -Elendig prosjektplanlegging og gjennomføring av oppussingen av rådhuset. -Utdatert løsnings på spørreundersøkelsen og for generelle spørsmål.

Parken, ta vare på tilgang til strandsone nær sentrum, lage det hyggeleg i sentrum, skaffe jobb til flyktningar kommuna har tatt i mot, måking av fortau.

I forbindelse med framføring av vatn og avlaug i ein utkant har kommuna etter mi meining gjort ein veldig dårleg planleggingsjobb.Og lovnader som vart gitt ved fyrste og einaste informasjonsmøte ser ikkje ut for å bli innfridde.

Miljøgata: Unyttig sløsing

Å gjere kommuna om til ein plass å bu, med tomter tilgjengelige for husbyggarar, attraktiv skule og fritidstilbod.

Går for seint å få byggeklare tomter so kan tilbys familie som treng dette.

Kommunen tar ikkje tak når det gjeld å få rydde opp langs innfartsvegen til bygda. Få Fjerna /Trudvang. Fjerne falleferdige hus på Riise, Der er lovheimel i bygningslova til å kreve av eigarane å få dette gjennomført. Dette er ei skam å ha ståande slik det er i dag.

Dårleg planlegging, manglande heilheitsplanlegging. Estetisk stygt og utriveleg sentrum, stygg ny trafokiosk, dårleg plan med helsehuset både plassering, storleik og utforming, ser ut til å bli endå eit stygt sentrumsbygg. Manglar uformelle møteplassar. Alt for stor fokus på bilar og parkeringsplassar, Hareid sentrum snart berre ein asfaltjungel. For lite satsing på gangvegar og sykkelvegar. Liten vilje å ta vare på dyrka mark. For lite satsing på natur- og miljøvern. Vanskeleg å kome i kontakt med administrasjonen. Manglar servicetorg og turistinformasjon. Dårleg busstilbod.

gangfelt og veier er i svært dårleg tilstand, eit rådhus som ikkje blir ferdig og koster flekk, planlegging ta batteribygging for ferga, vedlikehold ta dei kommunale områder

Ombygging av kommunehuset.

Eiendomskatt, prioritering av de eldre i innstutisjon.

Fremdrift generelt i kommunen,mye diskusjoner som det blir lite av

1.Meiningslaus tomt og pengebruk på helsehus 2. Auke i eideomsskatt 3. Stygg forskjellsbehandling av innbyggjarane sine når det gjeld å få tilknytning av vatn. Nokre får støtte, og andre ikkje. Dårleg gjort!!! Kva med å behandle saker likt, og å legge til rette for inntekter i framtida ved at fleire vert påkopla kommunal vassforsyning, Dermed fleire som betaler vass- og avlaupsavgift.

Klargjering av tomter

Det er mykje aktivitet over store delar av kommunen, ser ikkje ut som det er ein god plan for ferdigstilling. Mykje rot rundt om i sentrum.

Proessen rundt Helsehuset og val av tomt,

Jobbar for å kome seg inn att på Robeklista.

Brukt for lite penger på skole, ser ikke behovene som faktisk er der.

Rådhuset.

Pengebruk og oversikt der. Dårleg økonomistyring i forhold til mange prosjekt. Som td, oppussing av rådhuset, nytt byggefelt på Holstad, div prosjekt som Almetunellen, vatn og kloakk i Røysetvegen. Generelt

dårleg oversikt og tilsynelatende lite kontroll på reelle kostnader i slike saker.. Kva med å gi advarslar/konsekvenser for ansvarlege, ved store økonomiske tabber, slik som det i private verksemdar vert gjort. Rart med stadig nye utlyste stillingar og tilsetingar på rådhuset utan at det gir store resultat utad. Kommuna lykkast ikkje med å lage attraktive byggefelt på bygdene utanfor sentrum. Det er mykje folk som leitar etter tomter, og buset seg andre plassar. Dette fører til at folk buset seg i Ålesund eller Ulsteinvik istaden for Hareid. Dette fører vidare til at inntektene til kommuna iallefall ikkje aukar.

IT glapp unødvendig Kjemp! Landstrøm ved kaiene. Generator bråker mye. Ferdistille veien både i Indredalen og Ytredalen. Se potensiale på Kvitneset.

Dårlig tillaga områder til barn i sentrum og leikeplassar rundt om i bygdene forfell.

Danne arbeidsplasser

Rådhuset, dårleg planlegging , vert dyrt for kommunen

Større satsing og fokus på barn og unge (Skulehelsetjeneste, framtidsretta undervisning, aktivitetar).

Få fleire attraktive tomter i krinsane, sjølv om det har vore interesse for det. Skuffande med lite støtte til tomter og kunstgrasbane med telt over på Hjørungavåg, medan vi les at Hareid IL skal få god støtte til hallen.

Framdrift i den kommunale saksgangen. Kommunikasjon med innbyggjarane.

Utvikle eit levande sentrum med kafé og kulturhus. Dårlig økonomiforvaltning, mellom anna i valet av tomt for helsehus. Svikt i dialogen med Fjord1 ang plassering av batteribygga.

Eigedomsskatt

Vart lovet at eiendomsskatten skulle fjernes når kommunen var ute av robek.

Eiendomsskatten.... er eit tegn på at politikarane ikkje klarer å gjere jobben sin innefor dei rammene dei har. Vi betaler skatt for at vi kunne bruke alle dei felles godene vi har. Koffor skal vi da betale eiendomsskatt or at vi skal behalde skuler I alle krinsane. Politikerana må halde seg innen for budsjette og ikkje legge byrden på oss innbyggaraen.

Ting går alt for tregt, t.d. helsehuset som det var krav om nytt i mange år før det skjedde noko (og prosessen rundt val av tomt som var svært dårleg), rådhuset som har vore under oppussing i over eit år. Administrasjon som skuldar på at dei treng tid for å "kome i gang" - kor lenge? Leikeplassen mellom rådhuset og "parken" har til dels vore farleg for småborn og pinleg å ta med besøkande til. Åsenparken og området mot "miljøgata" som er dårleg stelt og lite triveleg. Kva klimatiltak skjer i kommunen? Veit ikkje! Trafokiosken som vart flytta i vinter - ikkje akkurat forbetring av Hareid sentrum.

Vi er VELDIG skuffa over den prioritet og behandling ny fotballhall har fått av kommunen. Denne er UTEULEG viktig å få på plass!! Der er veldig mange som ventar på denne!!

Har tatt for lang tid å få starta opp kommunale prosjekt. Administrasjonen i kommunen har bevist motarbeida fleire prosjekt. Viktig å få næringsdrivande til å satse på Hareid.

Eigedomsbeskattning som planlegg å aukast, betydeleg. Samtidig som ein velger dyre valg av nybygg som blir dyrarar enn en først har lova. Det er resursar eg meiner vi kan bruke på mykje bedre områder. Komunehuset treng ikkje vere meir fjongt enn noko anna. Møbla å kunst kan godt ver kjøpt på IKEA, det er ikkje slikt som gjer oss til ei bra kommune eller ikkje. Det er heller ikkje det som gjer oss til ei framtidskommune eller ikkje. Å ver framsynt er å gjer smarte valg no, som gjer at vi har gode driv til borna vora si framtid. Då skal dykk sjå vi klarar oss sterkare en nokon andre.

For passive i arbeidet med å leggje til rette for bustadtomter/bustadbygging i kommunen - t.d. byggefelt på Holstad.

Aktivitespark. Flere sykehjemsplasser/bolig. Eldre bygg forfaller, blir ikke vedlikeholdt. Mangler ungdomssklubb/møteplasser for ungdom. Kun satset på idrettsarenar for barn, ikke andre aktiviteter.

Veldig treg behandlingstid med Helsehuset , og generelt alle saker,

Fadesen med oppussing av rådhus / leie av HE bygget. Eiendomsskatten, vi som nylig har vist kommunen den tilliten vi gjør ved å bygge oss hus og stifte familie i kommunen, er det som et slag i trynet å måtte betale eiendomsskatt på et allerede maxet huslån. Leikeplass i sentrum - Da jeg skulle ta med ungene og kose oss med is og leike litt i sentrum, var det med livet som innsats på leikeplassen utenfor rådhuset. Barnehage - Jeg klarer ikke å forstå hvorfor kommunale barnehager har dårligere tilbud enn private? Når barnehagene får samme støtte og koster det samme, er det rart at private barnehager kan servere varme måltid hver dag, ha splitter nye lekeapparat etc etc.. i tillegg klarer eierene å ta ut store overskudd.. mens kommunale barnehager såvidt klarer 1 varm måltid i uken.. hvor går pengene?? Da vi skulle bygge hus ble vi tvunget av

hareid kommune til å bruke 25000kr på en støyundersøkelse (mest bortkastede pengene jeg noen gang har brukt i mitt liv). Hvordan kan dere forsvare det når flere av barnehagene i kommunen ligger like ved siden av hovedveien?? Bør ikke det settes opp støyvegg f.eks? -Har flere punkter jeg vil skrive, men nå er visst feltet her fullt.

Triste greier med manglende fagleg og kunnskapsbasert planlegging med tanke på rådhusrenovasjonen TOMTEFELT OG KLARGJERING AV BYGGEKLARE TOMTER DETTE HAR VORE EIT FORSØMT OMRÅDE I MANGE ÅR.. ELLES HAR DET VORE ALTFOR LITE SATSING PÅ NÆRINGSLIVET. FLEIRE TOME INDUSTRILOKALER LIGG BERRE OG VENTAR OG SENTRALE INDUSTRI TOMTER ER KLARE FOR UTBYGGING.

Administrasjonen er for topptung.

Tomteutvikling. Det er fleire på vår alder/situasjon som har flytta til nabokommuna, bla. pga mangel på plass å få bygge seg hus. Dette burde ha blitt satsa på for mange år sidan. Her har kommuna tapt mykje pengar i skatteinntekter, og dette kjem til å fortsette.

Rehab av rådhuset fremtrer som en stor skandale med manglende styring og kunnskap av de ansvarlige Auka utgifter i kommuna. eigendomskatt.

Tilrettelegging av tomter, vise fram kommunen som attraktiv for heimflyttarar og tilflyttarar. Heller ikkje lukkast med å ta knekken på bygdedyret, politisk- og offentleg sektor-forakt, men er på veg mot betring. Her er det først og fremst innbyggjarane og ikkje kommunen som må ta seg sjølv i nakken og skjerpe seg. Vi må drage i positiv retning i fellesskap, i staden for å sitte på Facebook og syte. Hareid har så mykje bra å by på!

Personalpolitikk for kommunens egne ansatte

Estetisk og funksjonell utvikling av sentrum. For stort fokus på målstyring på kommunale arbeidsplassar, høgt arbeidspress.

1) Investeringar: Oppfattar forarbeid som rotete og lite gjennomarbeidd. Kjedeleg å sjå skattepengane gå til slikt. Overskridingar på rådhus (sjå eige punkt), Røysetvegen, kommunal kai, fotballhallen og helsehuset. I tillegg ser Holstadfeltet ut til å få ein astronomisk pris. Stolar kommunen blindt på konsulentar? Kvifor er det ingen som fangar opp faresignala analytisk før oppstart? (Det skal ofte lite til for å avdekke mulige fallgruver). 2) Rådhuset: Var arbeid og leige av nytt rådhus godkjend av politiskane? Framstår som at demokratiet her var sett ut av spel, og at administrasjonen sjølve har vald å bevilge pengar til eigen arbeidsplass. Framstår i beste fall som meget uprofesjonelt, og svekkar kommunens omdøme og tilliten til administrasjonen. 3) Batteribygga. No var sentrum på veg opp, og vi må akseptere desse. Eg skjønner at det kanskje er vanskeleg å unngå desse, men trur likevel det kunne vore unngått med politisk kløkt. Skuffande at ikkje korkje politiskane eller administrasjonen tok denne kampen. 4) Tilsetjingar. Næringslivet har vore gjennom svært tunge år med mange kutt og tapte arbeidsplassar, men kommunen tilsetjer tungt. Samstundes er kommuneøkonomien prega av overskridingar på prosjekt. Eigedomsskatten vert auka, og no kjem nok snart kuttet i tenestetilboda. Er kommunen villige til å kutte i administrasjonen, og ta dei same tunge grepa som næringslivet er tvungne til å gjere? Eller skal administrasjonen vere skjerma for kutt, medan innsparingane må skje gjennom kutt i tenestetilboda? Dette framstår som meget uprofesjonelt sett opp mot dei konsekvente kostnadsoverskridingane på kommunale prosjekt.

For lite effektivisering av offentlege tenester, burde hatt større trykk og gjennomføring på dette, vanskeleg for utanforståande å forstå prioritering vedr. rådhus når så mange andre oppgåver også står føre, politiskane må forsøke å samarbeide meir konstruktivt for det beste for kommuna, ikkje "stirre" på ubetydelege saker, for lite tilgang byggeklare tomter, oppvekstmiljø og skule er ikkje godt nok/mobbing og utestenging skjer for mykje, det må i større grad fokuserast på Hareid kommune sine muligheiter, få meir offentleg positiv omtale, legge forholda til rette for næringsutvikling og auka inntekter

Lønnsutvikling for «grasrota» sammenliknet med nabokommunene

e-skatt som aukar, satse meir på skule og psykisk helse, kostnaden med rådhuset

Eiendomsskatten, den skulle vært avviklet, men i stedet ble den økt.

Psykratien og der har ikkje alle fått hjelp og sjuke folk blir lik behandlet fagelig. Vi er ikkje fornøyd med kommuna, men det er mange hyggelige folk i kommuna.

Å få fram kommuna sine positive muligheiter. Tregheit,

Å legge tilrette for nye arbeidsplasser, få flere forretninger til å etablere seg, ved derved å redusere handelslekasjen til nabokommuner.

Vegstandarden er elendig.

Lytte til folk. Kommunale tjenester. Manglende aktiviteter og forståelse. Hva med unge som ikke er interessert i idrett? Eiendomskatt. Fotballkamp. Budsjettet. Helsehus tomt.

Ta vare på ungdomen, med god ungdomsklubb med engasjert vaksenleiar! Slutføring av byggefeltplanar - mange unge har derfor flytta frå kommunen. Altfor mange parkeringsplassar, men alle grur seg for å oppsøke Kyrkje/bedehus då dei ikkje veit kvar dei kan parkere - dette bør vere gratis (tenke spesielt på gravferder). Opparbeide omdømmet til kommuna.

Utbedringa av rådhuset virkar totalt planlaus, øking av eigedomsskatt utan at vi som innbyggjarar ser noko igjen av det. I nabokommunen har dei vertfall noko å vise til, som f.eks Ulstein Arena, og flotte uteområder. Utbedring av HUS er vell også langt på etterskudd.

Dei er svært dårlig i tilrette legging av tur stiar. Sjå til Ulstein. Dårlig valg av tomt til helsehus. Gjere kjøpmansgata om til miljøgate vil ødelegge for butikkane der.

Har IKKE lykkes med å innføre eiendomskatten!!! Plasseringen av Helsehuset, skulle valgt en bedre plassering og et billigere alternativ.

Rådhuset

Litt meir action- fart i sakene trengs - men naturlegvis bremsa av tidl. medlemskap i Robek.

Det nye helsehuset,

Heller ikkje her kan ein peike på berre eitt område.

snømoking sist vinter har vore ei skam. vi har ikkje fått igjen andedammen i Åsendalen slik vi vart lova. oppgradering av rådhuset med leige av kontor i hareidsmyrane er dårleg planlegging og sløsing med pengar..dei to siste åra skulle Hareid kommune ha fjerna brannrestar på Rise og løe og hus på Rise som i fleire år har stått der til skam og spe som inngang til kommunen. Trudvang er ein annan fiasko her i bygda. Alle vil ar det bygget skal vere neste brannøvingsprosjekt. få det vekk.Det er ikkje framkomeleg i Kjøpmannsgata grunna miljøgate?? Bruk pengane på nytt Trudvang istaden for slikt tullball.Vi har mist lensmann, prest, ein heil del forretningar og vi har også fått dårlegare søppeltøming.Lista er lang og lite oppmuntrande for innbyggjarane i kommuna

Halde budsjettet for oppussinga av rådhuset..

Fiber og breibandutbygging til alle husstandar i kommuna.

Å verte sameina med anna/eller andre kommuner ? Betre finpuss og orden ved avslutting av diverse gjennomførte varierende kommunale prosjekt. Erfaring syner at vert slik finpuss/orden ikkje gjort med same ved avslutting vert det gjerne utdrege i tid og vert både dyrare og til irritasjon.

Kommunen har hatt ein tendens til å gjennomføre impulsive handlingar utan at det er gjennomtenkt. Det er fullstendig mangel på kontroll, og det er ikkje innbyggjarane si interesse som står i fokus. Dei som skal styre kommunen må ikkje tenke eigeninteresse i jobben dei skal gjere.

like vikår for alle - anbudsrunder med meir

Dei kjem vel snart på lista igjen for unødvendig bruk av penger.

Ikkje fått vekk Eigendomskatten!!! Treige prosesser.... var lovd nye veier og leikeplassar/Park. Prossessen rundt oppussinga av Rådhuset har vorte framstilt som ei «katastrofe».

Har du noen andre konkrete forslag til forbedringer?

flere tilbud for voksne som kan vere faste en gang i uka eller mnd, og så i rimlig tider på ettermiddag tidlig kveld. flere møte plasser for voksne på dagtid / tidlig kveld. tilbud e her nok men starter alt for seint på kvelden so det bli ikkje til at man går ut so seint . håpe på at kommunene bli bedre når helse huset og miljø gata bli ferdig .

Det har vorte bedre forhold mellom alle krinsar, og saman er vi dynamitt

Når det gjeld tenestetilbodet og servise på rådhuset har eg berre gode røynsler, når eg har møtt fram og lagt sakene fram direkte.Men eg har opplevd å sende skriv om kommunale ting som bør utbetrast, og som gjeld mine interesser direkte, utan å få svar i det heile

Hadde vore fint om ein kunne offentleggjere inntektene av eigedomsskatten kontra alle kostnadane som går til «flyktingar», asylsøklarar m.v. Dette vågar vel ikkje kommunen å gjere.

Anar ein liten positivt trend i kommunen siste tida, så la oss håpe den held fram. Å få valt inn gode folk til valet i haust blir nok alfa og omega. Det må vere folk som framsnakkar kommunen og prøver å finne konstruktive løysingar trass i dårleg kommuneøkonomi - og ikkje resignerte politikarar som berre er opptekne av alt vi ikkje har og kor mykje betre alt hadde blitt i Nye Ålesund eller Runde kommune. Fokus på det beste for Hareid bør vere slagordet framover.

Bedre økonomistyring

Synast at det er positivt utviklinga som skjer i Hareid!

for lite søppelbøtter rundt om i kommuna, spesielt i sentrum

Sett ut benker på ovresanden , ny bom der slik at rullestolbrukere og dei med rulaktor kjem seg til standa og monumentet .

Alt i alt: God kommune å bu i

må få flere rådmenn

ANBUD!!!!

Vekk med eigedomskatt, å få ting til å se pent og ryddig ut sån som f.eks. Ulsteinvik, koster litt, men du verden så mye kosligere og innbydende det hadde vert.

Ingen

Ja, lytt til innbyggerne, spør ka dei vil ha.

Er redd det har gått for langt. Jeg tror at ROBEK vil kunne stoppe unødige utgifter som vi ikke har råd til.

Ved ansetting av lærarar i skulen i kommunen så foregår dette etter heil feil prinsipp. Det går kun på vennskap, kjennskap og slektskap. I beste fall så må ein kunne kalle dette for korrupsjon. Søkjarar som stiller med topp karakterar kjem ikkje i betraktning fordi dei ikkje kjenner nokon med innflytelse. Om du har ein av rektorane i kommunen innan rekkevidde ved slektskap eller vennskap så stiller du fremst på lista uansett kunnskaper og CV. Her må heile ansettinga endrast slik at alle har like store mogelegheiter. Eller kort fortalt eit retteferdig prinsipp. Hugs at kommunen er ein offentleg etat. (ikkje privat der ein kan tilsette kven ein vil) Det fins utallige eksempel på overgrep i kommunen vår når det gjeld ansettingar. Dette vert neppe noke betre før rektorane på skulane vert fråtekne retten til å bestemme kven dei skal tilsette åleine.

Eg trivest veldig godt med å bu i Hareid sentrum, blant anna fordi det er enkel kommunikasjon til Ålesund sentrum. Det er også enkelt å kome seg ut i verda via hurtigbåt og buss til flyplassen på Vigra.

Rydd opp i BV, ta ansvar. Initier til utbygging av private byggefelt, ikke motarbeid med alle midler.

Kutt eiendomsskatten ellers så må jeg flytte til den kommunen jeg jobber i.

Bli mer konkret og jobb mer planmessig - lytt til beboerne. Gi klare beskjeder når arbeid skal utføres. Vær litt hyggeligere når vi tar kontakt pga manglende info.

Fjern eigedomsskatten snarast.

Fjern stillingen assisterende rådmann og bruk tidligere rådmann som en allikevel betaler lønn til - utarbeid en ny sentrumsplan der en lager et ordentlig fortettet sentrum (tenk mist 50 år fremover, ingen ferge) - utbyggere som lager fylling i sjø må begrense anleggstiden - ta i bruk arealet i Hareidsmyrane til næringsformål før alt næringsliv flytter til Ulsteinvik - overlat til andre å bygge ut feltet på Holstad.

Kulturhus har stått på vent i fleire 10 år! No er det på tide å inkludere breddekulturen til alle aldersgrupper. Idrett er viktig men no er det andre grupper som må prioriterast. Når det er snakk om eldre og sjuke sine tjenester, så må i allefall pleiefaktoren oppjusterast slik att tjena fungerer som den bør og tjenestemottakarane får den tjenestene dei har krav på. For nokre år sidan fekk ein nær slektning avlastnings/akuttinnlegging på rehabavd og vart plassert på eit bad,dette romet er uegna sjølv for berre ei natt.Toalettet var plassert midt i romet uten skjerming,det mest uverdige ein kan oppleve,men pga sårbare pasientar som treng observasjon må finne seg i. UVERDIG!! Ta ei synfaring og kvar enkelt diskutere med deg sjølv korleis det kan opplevast.

Bedre ut sentrum i form av å gjere det meir attraktivt å gå tur o.l. Leikeplass eller nokon dyr for dei med småbarn er supert. Meir fokus på å bli kjent og invitere folk til sosiale settinger. Som helsestasjonen, den er viktig for at mennesker skal bli integrerte i Hareid.

Viktig med fotball hall. Svømme undervisning dårlig, bør leige tid i Ulstein arena. Slå sammen Hareid og Ulstein. Legg ned skoler. Krinspolitikere hindrer utvikling i sentrum.

De-sentralisering av helsehus. Slik pasientar og besøkande kan få meir privatliv. Slik det er lagt opp no kan «alle» i sentrum sjå når ein skal til lege osv.

Behalde grendaskulane. Fleire trygge møte- og leikeplassar for born og unge. Arbeide aktivt førebyggande inn mot born og unge. Miljøterapeutar inn i skulane. Det er billegare å førebygge enn å reparere...

Droppe eiendomsskatt.. Bedre veger. Mindre Fartsdumper. (alt for høye) Bytte ut Gatelys med led. og fjerne neste ledningen ved stolpene. henger lavt. Hovlidvegen

Legg Hafast til Hjørungneset, med tilkomst gjennom fjellet til Eiksundsambandet. Med bru over

Hjørungavågen har oss god nok tilkomst frå sentrum. Når det gjeld kulturtilbodet er det altfor mykje sentrert om Hareidstemna. Elles i året skjer det ikkje mykje som skjer. Tilkomst til natur er også skral, samanlikna med Ulsteinvik. Skal ein kjøpe kle, må ein til Vik..forsøke få hit kjedebutikk..då må det utviklast stort kjøpesenter, men det toget har nok gått. Det bør planleggast fleire leilighetsbygg i sentrum. Grunna rutetilbod mm.vil eldre få problem med å bu i distrikta.

Som brukar av tjenester i andre kommuner har eg ikkje den heilt store tilknytning til kommuna der. Eg har derimot registrert at det er eit ynskje om å etablere Hareid som eit næringsssentrum. Då er det kanskje på tide å løfte blikket, sjå kva region vi bur i, og den største styrka til kommuna - beliggenheita. Hareid kan verte ein fantastisk stad å bu om kulturtilbud utover Jesus og fotball eksisterar, om det eksisterar eit kollektivtilbod som gjer det mogleg å ta ei pils eller ein drink i Ulsteinvik eller Ålesund ein fredag eller laurdag utan å bruke ei halv månadsløn på taxi - og moglegheiter for å enkelt og billig kome seg til allereie eksisterande næringsssentrum i Ålesund, på Moa, i Ulsteinvik, Ørsta eller Fosnavåg for den del. Det fordrar eit fokus på å skulle enkelt kunne få seg ei tomt, eit hus eller ei leilighet, noke eg har fått inntrykk av at ikkje er so enkelt for dei som ikkje allereie har eit anker i kommuna. Kollektivtilbodet er i tillegg so dyrt og dårleg at det er billigare å kjøpe seg bil(!) enn å ta bussen. Gjer det enkelt og billig å bu, og å kome seg til og frå!

Synest at kommuna er på god veg til noke som er bedre.Men fokus på å få opparbeidd nye plassar/område som folk kan få bygge seg hus på for å sikre at dei som allereie bor her ikkje flyttar og at nye flyttar til må vere høgaste prioritet framover.Kanskje på den måten må ein håpe at kanskje eignedoms-katten på sikt forsvinn!Eller ivertfall ikkje blir høgare.(men les at eg vil aller helst på sikt ha den vekk)Den er allereie skræmmande høg.At det blir bygt helsehus med samling av helserelevante teneste blir samla,nytt bibliotek og bygging av miljøgate er positivt.Men håpar at det ikkje blir berre halvveis,slik at parkområdet og leikeområdet ikkje blir noko av .Håpe at oppgraderinga av Overåsanden også fortset,med grillområde o.l.Informasjonsflyten har blitt bedre etter at det er tilsett ny konsulent for slikt.Alt i alt,eg stortrives i Hareid.Fantastisk moglegheite for den som likar å bevege på seg i flott natur.Heile søre sunnmøre er fantastisk flott som har mykje å tilby.Eiksundsambandet gir enkel tilgong til Ørsta/Volda og andre flotte områder.

Fotballhall, turnhall. Meir lekeplasser.

Omdømet er ganske dårleg samanlikna med andre kommuner i nærleiken av oss

Hareid har alltid vert en fiskerikomune. og det maritime har vert livsnerven langt bak i tid. Men havnen ser ikke ut. den er det første en ser og møter som besøkende. Så hva med å lage den mer koslig og ha benker og blomster der nede? lage gangveg fra ytre havn helt til indre havn med koslige innslag. spesielt indra havn kunne vert som en park. Hareid har et stort potensiale i dette området. både med tanke på leilighetskompleks helt ved sjøen som dei har i Herøy komune osv.

Eg er misfornøyd at folk som jobber i kommune har ikke tid for å gjøre noko til mennesker som bor i kommuna. Dei gjøre kva dei ville. Her er flere stader som er veldig farlig til barn og ingen vil kjempe om det. Men hvis noken ville gjøre noko dem må betale på alt til kommuna.

Sparke kommuneansatte i ræva å få dei ut å rydd en smule!!! Reklamere for bygda og gi billige tomter - få større bedrifter til å etablere seg. Det er lysere tider i horisonten og havrommet utfor stuedøra ligg det mykje framtid i!

ALTFOR MYKJE KAPITAL VERT KASTA VEKK PÅ TUNG ADMINISTRASJON , ETC. SLANK ADMINISTRASJON OG START Å BRUKE PENGANE PÅ NOKO MEIR FORNUFTIG.

Ansett rådmann som har relevant erfaring og tilknytning til kommuna. Ansett kompetente folk på teknisk til å planlegge prosjekter (veg/vatn)

Det er fint med brukarundersøking! Litt diffuse/generelle spørsmål til tider.

Mulighet

Først og fremst, om noen "kan oppleve som sårende" så bør de finne seg andre hobbyer. Skal man jobbe i kommune bør man tåle kritikk og spørsmål, og kunne svare på disse. Alle i kommunestyret bør pålegges en tur utenfor kommunen for å se hvordan ting fungerer der ute i verden. Få ned kostnader for innbyggere. Eiendomsskatt, skyhøye kommunale utgifter, som i praksis er vann og kloakk. Få orden på renovasjon. Slutt å bruke penger på fullstendig meningsløse ting som "miljøgate" og lignende. Gjør det mer attraktivt for bedrifter og folk å etablere seg her. Start prosessen med å få til et sentrum som ikke er ei ferjekai og parkeringsplass. Det bør også følges opp bedre kostnadsposter på prosjekter som fiksing av rådhus. Her er det nok ting som grenser til kriminalitet og vel så det. Det bør være MYE lettere å gi offentlig ansatte

sparken når de ikke gjør en jobb. Lønnskostnadene i kommunen burde lett kunne halveres. Jeg kunne fortsatt til jonsok.

Droppe eiendomsskatten

Fyrst å fremst må administrasjonen ansette kompetente folk til dei stillingane som dei skal ha, få vekk trynefaktoren på behandling av saker, få slutt på direkte innkjøp av varer og tjenester som skal utførast, i dag kan en trykt kalle det korrupsjon det som skjer, å det skjer åpenlyst!

erstatt "nye hareid" facebook gruppe og lag nokke nytt som ikkje er på fecebook. Ein side som alle på hareid kan bruke til å kommentere på forskjellige ting. 2/6

Er ei lita kommune. Spelar det ei rolle kven du er når du tek kontakt?

Lytt til folk

Greit med daglegvareforretningar, men må fort over kommunegrensa for å finne stort nok utval innan andre varer (kle, sko, sport, bøker) eller kultur (konsert, kino). Busstilbodet til/frå utkantane i kommunen er ikkje bra nok, og det er dyrt å parkere bil i sentrum.

Synest det er en for stor andel av kommunetilsette som ikke har bopel i kommunen ... Dermed treng dei ikkje bry seg om at arbeidsdagen skal vere økonomisk og praktisk effektiv. Saknar bedriftsledere som enten frivillig eller på oppmoding fra kommunen (som ei kommunal turnusordning) tar del i kommuneplanlegging og øser av si erfaring. Synest det er altfor få dyktige bedriftsledere som holder seg borte fra politikken. Dermed er det en stor del uerfarne "folkevalgte" som får. Dette gir ikke alltid de beste resultat

Der er store potensiale for forbedring, kan berre bli betre

Viktig å legge godt tilrette for friluftsliv og turist/rekreasjonsområde. F.eks. utvikling av Overåsandområdet og Kvitneset .

Som ivrig bruker av overåsanden ser jeg behovet for tilrettelagt plass til grilling, og kanskje sette opp noen benker nedepå parkeringsplassen. Arangere aktiviteter for ungdom som td quiz-kvelder. Flytte helsehuset til ekornes-bygget.

LANDSTRAUM i Hareid sentrum. Bråket frå båtar som ligg ved kai, lossar eller lastar, er UHALDBART. BURNING, heilt forferdeleg...tek nattesøvnen frå folk.Lage fysiske strukturar som gjer dette umogeleg. Ta tak i Strandgata 89, elonbygget og bedet, ei SKAM for bygda.Utarbeide retningslinjer som forpliktar sentrumseigarar å ha det ryddig og stellt.Å spasere tur langs havna ser ut som ein einaste stor boss plass og pallelager.Utvikle retningslinjer for eit estetisk og ryddig sentrum.

Politikerne bruker store pengesummer på kjøp av tomt til helsehuset. Dette er også feilplassert i høve til trafikk. Det er fleire andre tomter som er bedre og rimeligare. I tillegg brukast store pengar til oppgradering av rådhuset.

Ja, lytte til dei som bur på Hareid.

Jobba aktiv for meir næringsliv og meir innbyggara(større bulyst i Hareid)

God undersøking.

For å få folk til å busette seg her bør eieendomsskatten avviklast i tillegg til at her blir ordna fleire tomter til husbygging.

Vi treng å gjere som i Ulsteinvik. Lage små oaser/parker der folk trives. Skikkelig veimerking av krysset ved spar (der er det totalt kaos siden ingen veit kven som kan kjøre først)

Skal kommunen få tilflytting av nye innbyggere må økonomien styrast slik at eieendomsskatten ikkje skremer dei bort.

Det er flott at kommuna er i gang med å gjere sentrumsområde meir triveleg -at Kjøpmannsgata blir miljøgate og at det kjem ny leikeplass. Eg trur mange saknar ein møteplass i sentrum i form av ein nærkafe og håper nokon tenker dei vil satse meir på Hareid når sentrumområdet nå får ei oppløfting. Håper og at kommuna ser behovet for å satse på tenestetilbodet innen helse då det blir mange utfrodringar her i åra som kjem både med fleire eldre og fleire sjuke ut i kommuna, og aukande psykiske plager hos barn og unge.

Kommunen brukar alt for masse pengar som dei ikkje har.Store prisoverskridelser

I forhold til dette helsehuset. Eg er samd i at vi treng nye lokaler til legestanden vår,men.. Kvifor ikkje høyre på fagfolka som vil ha fasilitetar nær sjukeheimen? Kvifor bruke så grenselaust mykje pengar på ei slik tomt på ein slikt ugunstig plass når det fins eksisterende bygg som kan bli brukt. Det blir ikkje berre kommuna det kjem til å bli tungvint og dyrt for. Når ein knapt har pengar til å drifte dei bygga vi allereie har i kommuna,blir eg sveitt når eg berre kan stå å sjå på korleis pengane i kommuna blir brukt. Kjøp av båt? Kva er dette? Eller til dømes på rådhuset. Det er ei skam at ein ikkje kan syte for alle dei grunnleggjande

tjenestene i kommune på ein god måte før ein ødsler pengar på å pusse opp rådhuset. Jada, det er sikkert forskjellige budsjett. Der må likevel moglegheiter til å gjere ting annleis og å forvalte pengane annleis. Det er betre at kommuna er på Robek-lista så den ikkje har moglegheit for å bestemme sjølv kva dei ska bruke midlar på. Sånn ser det ut for oss på utsida. Eg kjøper ikkje Van Gogh til å pryde stoveveggen min heime, før eg har sytt for alle nødvendigheter og mat på bordet til familia mi.

1. Lytt til innbyggerne og fagfolk på alvor. 2. Nye prosjekt kan ikke vedtas før finansiering og konkret plan foreligger. 3. Prioriter det beste for innbyggerne, ikke egne eller partiets behov, prestisje eller rykte.

hareid er i for liten grad attraktiv som bu og arbeidskommune og hareid er kjempedårlig på kollektivtrafikk til krinsane og på hareid skjer det lite med utvikling i forhold til ulsteinvik. skal vi slå oss saman for å ha framtidretta utvikling?

Sats på idrett-dropp eigedomskatt-

Flere eneboligtomter i krinsene. Park anlegg utenfor sentrum. Flere butikk muligheter i sentrum. Variert restaurant og cafe tilbud i kommunen. Tilrettelegging for bedrifter i kommunen må vere 1 prioritert!

Rydd langs gater og veier. Rett opp skilting og sperringer som er brotne ned eller ikke er i orden. Ikke vent med å ferdigstille arbeid. Alt for mye står halvgjort. Få opp buss bøtter rundt om og TØM de.

For mange til å skrive her

Fjern eigedomsskatten, og spar på samme måte som det private næringslivet må. Da må staben i kommunen slankes. Nytt helsehus kan bygges vest for eksisterende helsehus, og dermed nyttiggjøre seg av eksisterende bygningsmasse til for eksempel lager eller lignende. Kommunen kunne også kjøpt bygningene til Ekornes fabrikker og lagt helsehuset dit. Min stemme ved kommunevalget i år, går til det partiet som avskaffer eigedomsskatten.

Ungdomar som ikkje driv med feks fotball og korps har ikkje tilbod. Ein får fylle ut store friluftsområder under skalkeskjul av at det er "viktig for næringslivet." Raffelneset feks ligg som ei steinur 30 år etter utfyllinga starta. Flere andre stadar i kommunal er det starta med fylling av stein, heilt utan at det kan forsvarast med viktig utnytting. Befolkninga vert oversett på feks ynskje om å behalde Kvitholvegen asfaltsfri. Sjøbuder bør takst vare på, riving er ikkje eit godt nok alternativ lenger. Her er lite att av gammel historikk. Reguleringer frå før krigen må bli behandla som utdaterte. Folk som vil starte noko på Hareid har ein mykje lengre vei å gå enn dei i feks Ulsteinvik.

Vi treng KULTURHUS

Kutt i administrasjon og fjern eiendomsskatt.

Rart at spørsmål om eigendomsskatt ikkje var med i undersøkelsen.

bygg ut Åsendalen, gjerne kulturhus eller andre bygg på tomta, splitter sentrum i 2. får aldri fortettet sentrum før dalen utbygd. aktiviteter for barn og ungdom bør samles rundt Hareid Ungdomsskule,

Overåsvingen bør bli vesentlig utbedra. Bør gjerast noke sånn at forgjengera kan gå trygt over veien til Overåsanden. Generelt utbedre veier i samtlige byggefelt.

Slanke administrasjonen.

Oppgradere lekeplass for barn i kommunen

Sentrum burde knyttes mer sammen. Lite butikker og lange avstander mellom. Gamle utdaterte bygg som ikkje ser så trivelige ut. Jobb litt mer med å beholde gatelysene på eller i jorden i mørketiden.

Meir patriotisme ...STÅ PÅ FOR HAREID!! Håper på at vi slepp meir eigedomsskatt. Lovnaden var at E.Skatten ikkje skulle stige og vere berre i ei overgangsfaseSøke på midlar for Hareid kommune.....

Men vil gjerne rette en stor takk til enkelte saker som vintervedlikehald som blir løst raskt og greit. Selv om det er på kveld eller helg (utan om arbeidstid) Om en ringer til dei på uteseksjonen ringer dei opp igjen og hjelper så godt dei kan.

Myrane bak ungdomskulen kunne blitt brukt til tomter til industri og boliger.. tøys at dette skal vere freda område fordi ein gammel tulling skal gå å telle måser der.

Legge til rette for at privat kapital kan komme innbyggerne til gode. Ikke øke eiendomsskatten di neste åra. Invitere til sentrumsutbygging. Få opp veistandarden i byggefelta. Ikke bruke penger på omstruktureringer i Helse og omsorg, heller ansette dyktige fagfolk.

Flere kultur/fritidsaktiviter for barn fra 5 år og oppover. F.eks en teatergruppe

Det må bli fotballhall på Hareid. Det er viktig og halde på dame og herrelag, om ikkje ein har vaksenotball så forsvinner barne og ungdomsfootballen også. Mange som går til andre klubber i tidlig alder, vi må halde på barna lengst mulig her på Hareid. Vi kan og vi vil :) Derfor veldig viktig at det blir fotballhall, hallen blir

brukt til trening men enda viktigare blir den brukt til samling av barn/unge på fritida uformell møteplass. Møteplasser mangler vi på Hareid. Om du er ny veit ikkje du kvar du skal gå for og møte noken.

Når ein søker teknisk etat om graveløyve /oppstart i februar 2018 og ikkje har fått svar i april 2019 , så må ein forstå at dette ikkje held mål ! Dette er brudd på forvaltningsloven !

Hadde forventa at nynorsk vert nytta i ein nynorskkommune! svar.bedrekommune.no Ikkje bedrekommune.no

Bedre søppel muligheter langs tur stier for de med bla. hunder. En hundepark de er mulighet å samles for alle oss med dyr

Kommunen har rik historie - fra Hjørungavågslaget, Kvitneset og Ishavsmuseet. Ved å sameine disse kunne kommunen få et reisemål som avspeiler viktig historie lokalt og nasjonalt. Og hva skjer med Donabuda som er et landemerke i kommunen og som et bevis på en næringsgren som er over. Burde vært i kommunal eie. Men igjen her er ingen vyer. Skulle ellers ønske at her var mer estetisk sans hos de som tar avgjørelsene når det gjelder byggefelt i kommunen. Det nye i Isakdalen ser ut som en getto. For å få folk til å flytte hit, må her vere trivelig å se til. Der er et stykke igjen. Men dette er politikerne og administrasjonen sitt ansvar. om en lar privatpersoner gjøre jobben, bør en likevel ha styringa.

Utbedre vegstandarden på kommunale vegar, samt fjerning av eiendomsskatt. Trivselstiltak i sentrum! Få ned kostnadene med å kutte i administrasjon og forvalte pengene med bedre og framtidsretta planlegging. Kanskje legge ned et par skuler, og heller sentralisere. Få ned ventetid på lege/helsehjelp!

Redusere antall ansatte i administrasjonen. Treng ikke så mange ledere og mellomledere.

Å ha fokus på gode tenester til alle aldersgrupper. Utvikle sentrum utan for store kostnader. Ikkje tenke for stort, for vi kan aldri bli Ulsteinvik. Vi må satse på å vere ei god bukommune, altså ha gode skular, barnehagar og eldreomsorg.

